

Hordaland Folkeblad


Fredag 19. januar 2007

NVE etterlyser nest beste linetrasé



Kraftsynfaring: Grunneigarane Liv Lyngstad og Arne Fykse orienterer kartet for Statnett og vassdrags- og energidirektør Agnar Aas (t. h.).

Innspel: Vassdrags- og energidirektør Agnar Aas (t. v.) vert føra med motførestillingar av Erik Bjerring Hansen i Kvamskogen Vel og Klaus Rasmussen frå Folkeaksjonen i Hardanger for kraftoverføring med sjøkabel.





Vassdrags- og energidirektør Agnar Aas seier kvemmingane ikkje berre må tenkja sjøkabel. Dei bør òg skissera den nest beste løysinga for høgspantlina frå Sima til Samnanger.

ÅSMUND SOLDAL

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kjem truleg ikkje til å avgjera lagnaden til den omstridde høgspantlina gjennom Hardanger. Same korleis saka vert handtert i direktoratet, spår direktør Agna Aas at resultatet vert klaga inn til Olje- og energidepartementet.

– Eg forstår godt at lokalsamfunna er mot eit lineanlegg av denne storleiken. Dei har nemleg berre ulemper og ikkje éin fordel av inngrepa, sa Aas då han møtte kvemmingane tysdag og onsdag.

Han seier NVE tek sikte på å svara på konsesjonssøknaden til Statnett før påske.

Aas leia eit stort fylgje som drog frå grend til grend for å møte grunneigarar og interesseorganisasjonar, og for å skaffa fleire uttalar sjølv om det alt er registrert 93. Turen starta i Eidfjord og stogga i Ålvik tysdag. Onsdag starta med informasjonsmøte i Kabuso, før turen starta på Fykse og gjekk over Soldal til Kvamskogen og Børdalen.

Ikkje éin

Utanom representantane frå NVE, fylkesmannen, fylkeskommunen og Kvam herad, var Statnett sterkt til stades. Mellom andre deltok konserndirektør for utvikling og in-

Fykse Sund

Statnett og NVE drog langs traseane med helikopter mellom snøbygene tysdag. Rundreisa på landjorda omfatta mellom anna ikkje høg fjellet, Botnen, Fitjadalen og Sjusete.

Dagen opna med ein dataanimert helikoptertur i Kabuso. Statnett har søkt om tre alternative linetrasear, og det er skissert tre aktuelle kryssingstader ved Fysesundet. Den ytste går frå høgda over Telstø til Melseivtåsen, den neste frå Kastdal til Manfjell-sida og den tredje frå Skåro omtrent til Langhaugetjørn.

Dei lengste fjordspenna vert fleire kilometer lange, og kablane skal hengja mellom 200 og 470 meter over vassflata.

Torefjell

Grunneigarane Gro Aalvik og Liv Lyngstad gav sterkt uttrykk for at lineføringa over Skisetemarka, Fitjadalen, Nystøl og torefjellsbakkane inneber store og uakseptable

inngrep i mykje brukte naturområde. Linealternativa 1.0 og 1.5 kryssar dette området og går vidare til Tokagjel og Kvamskogen. Alternativ 3.0 går lengre inne i fjellheimen.

Representanten frå fylkesmannens landbruksavdeling meinte det var ein mangel ved synfaringa at fylgjet ikkje tok turen til Fitjadalen. Men NVE-direktøren forsikra at han kjenner området.

– Trugar Skogen

Svein Aarhus sa på vegner av grunneigarane på Kvamskogen at høgspantlina er eit trugsmål mot utviklinga av Kvamskogen som fritids- og byggeområde.

28 meter

Gjennomsnittleg mastehøgda vert 28 meter, eller om lag ti meter høgare enn 132 kv-lina til BKK. Dei to linene kan verta parallelle over Soldal og Fitjadalen. Også over Kvamskogen vert det litt parallellkøyring med BKK, og delvis også med maurangerlina til Statnett.

Kamouflasje

Statnett opplyste at det er tanken å kamouflera lina på nokre strekkjer. Oddvar Soldal i Naturvernforbundet er kritisk til alle traseane. Han meiner kommunen bør bruka plan- og bygningslova mot Statnett.

– Det er vanskeleg å forstå kvifor denne lova hindrar vanlege folks byggeplanar i utmarka, medan Statnett berre kan seia at "her skal lina gå", sa naturvernleiaren.

Han refsa Statnett for ikkje å ta naudsyn-te omsyn til fuglelivet. Kamouflerte liner vil gjera det verre for fuglane, hevda han.

Klaus Rasmussen i Folkeaksjonen i Hardanger for kraftoverføring med sjøkabel hadde lita tru på kamouflasjetiltaka. Han seier Statnett sin påstand om at lina over Soldal ikkje vil vera synleg frå grenda, ikkje held mål.

– NVE kan her og no slå fast at lina vil verta synleg, trøysta vassdrags- og energidirektøren då synfararane gjorde ein stogg i grenda.

Ifylgje Agnar Aas er det altså truleg at trasévalet vert avgjort på regjeringsnivå. NVE-konsesjonen vert gjeven etter forvaltingslova, og kan såleis ankast. Aas seier konsekvensutgreiinga til Statnett ikkje var godt nok avgjerdsgrunnlag for NVE. Direktoratet bad difor Statnett greia ut ei rekkje

vestering, Øyvind Rue, på synfaringa. Delegasjonen møtte ikkje éin som helsa luftlinetraseane velkomne. Men alle som uttala seg, stilte seg svært velvillige til ein sjøkabel. NVE-direktøren oppmodar kvemningane om å koma med innspela sine snarast. Men han meiner det ikkje er særleg lurt å argumentera berre for sjøkabel.

– Når NVE skal bestemma seg, treng me vita kva alternativ lokalsamfunna meiner er det nest beste etter sjøkabel, sa han til HF.

Aas sa at engasjerte grunneigarar har gjeve mange nyttige innspel til konsekvensutgreiinga, men understreka at han på synfaringa berre lytta og ikkje diskuterte.

– Det skal lite til før me tapar i konkurranse med til dømes Voss. Ei høgspenline kan gjera utslaget, hevda han. NHO Reiseliv gav full støtte til synet.

Grunneigar Henrik Steine meiner alternativa 1.0 og 1.5 er absolutt uakseptable.

– Lina må ut av syne, sa han, og meiner at vert det ikkje tunnelkabel, er alternativ 3.0 det nest beste.

Erik Bjerring Hansen frå interesseorganisasjonen Kvamskogen Vel oppmoda om at trasévalet bør resultera i ein stad i randsona mellom dei mest populære utfartsområda og den urørde naturen innover i fjellet, der alternativ 3.0 ligg.

– Traseen bør haldast borte både frå dei mest brukte friområda og frå den urørde fjellheimen, sa han.

tema i tillegg. Mellom desse er sjøkabel, høgspenlina sin verknad på stølsmiljø langs traseen, og Kvamskogen som fritidsområde. I tillegg har Statnett vurdert fylgjene av å utsetja bygginga.